

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss	FE - 033	15/761

Saknr	Utval	Type	Dato
018/2015	Valnemnda	PS	24.11.2015
137/2015	Kommunestyret	PS	10.12.2015

Val av medlem til representantskapen i IKAH IKS for valbolken 2015 - 2019

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Medlem til representantskapet i IKAH IKS for valbolken 2015 – 2019 er:

medlem

Forslag fra rådmann

varamedlem

Forslag fra rådmann

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Selskapsavtale for Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS (IKAH), sist endra på representantskapsmøte 29.04.2010, slår fast at selskapet er ei interkommunal verksamhet som er oppretta med heimel i lov om interkommunale selskap. Masfjorden kommune er deltakar i selskapet.

Selskapsavtalen slår vidare fast at representantskapet er det øvst organet i IKAH IKS. Kvar deltakar er representert med eit medlem i representantskapet. Representantskapet vel sjølv leiar og nestleiar.

Fakta

Lov om interkommunale selskaper § 6 slår og fast at selskapet skal har eit representantskap kor samtlege deltakarar er representert med minst ein representant. Kommunestyret sjølv oppnemner sine representantar. Det skal oppnemnast like mange varamedlemmer som medlemmer.

Vurdering

Selskapsavtalen seier ikkje korleis medlem i representantskapet skal oppnemnast. Då er det lova som gjeld. Innarbeidd praksis i Masfjorden kommune er at arkivansvarleg har vore kommunen sitt medlem i representantskapet i IKAH IKS. Val av medlem med vara har blitt gjort litt ulikt frå valbolk til valbolk, men lov om interkommunale selskap seier at kommunestyret sjølv skal oppnemnde sine representantar. Dette betyr at kommunestyret ikkje kan delegere denne oppgåva til rådmannen.

Konklusjon

Rådmannen meiner framleis at medlem i representantskapet i IKAH IKS bør vere arkivleiar i

kommunen og rår kommunestyret til å oppnemne denne personen med vara.

Valnemnda - 018/2015

VA - behandling:

Rådmannen la fram følgjande forslag til vedtak:

Rådmannen, eller den / dei han peiker ut, vert medlem / varamedlem til representantskapen i IKAH IKS for valbolken 2015 - 2019.

Framlegg til vedtak frå Rådmannen vart samrøystes vedteke (6 røyster)

VA - vedtak:

Rådmannen, eller den / dei han peiker ut, vert medlem / varamedlem til representantskapen i IKAH IKS for valbolken 2015 - 2019.

Kommunestyret - 137/2015

KS - behandling:

Framlegg til vedtak frå valnemnda vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Rådmannen, eller den / dei han peiker ut, vert medlem / varamedlem til representantskapen i IKAH IKS for valbolken 2015 - 2019.